

Vår ref.:  
20/01295-6

Vår dato:  
26.08.20

## Referat IDF - møte 5/20 (24.08.2020)

Møtes varigheit og stad: 12.30 – 14.00, teams

Til stades:

### Arbeidsgevar:

Berit Rokne	Rektor
Tage Båtsvik	Organisasjonsdirektør
Wenche Fjørtoft	Avdelingsleiar HR
Linn Melby Meyer	HR rådgjevar / Referent

### Arbeidstakar:

Monika Alvestad Reime	Forskerforbundet
Ingrid Råheim Grønsdal	Utdanningsforbundet
Reidun Stavland	Norsk Sykepleierforbund
Giselda Di Giovanni	NTL
Kari Smørås Brakstad	Parat
Pål Albert Olsen	Akademikerne
Nina Samnøy	Akademikerne (bistittar)
Karin Bell	Hovudverneombod

### Sakliste

#### FASTE PUNKT

#### 22/20 Godkjenning av innkalling og sakliste

#### INFORMASJONS- /DRØFTINGSSAKER –

#### 23/20 Saker til styremøte

Rektor deltok i møte for å gå igjennom styresakene

#### *40/20 – Godkjenning av innkalling, sakliste og protokoll*

#### *41/20 – Møteplan for Høgskulestyret 2021*

Rektor orienterte.

#### **42/20 – Internrevisjon våren 2020 – Anskaffingsprosessen**

Rektor orienterte.

#### **43/20 – Vurderingar av organisatoriske /strukturelle endringar før neste åremålsperiode**

Rektor orienterte.

Det vart frå NSF stilt spørsmål knytt til utgreiing av arbeidsoppgåver på nivå to, og om dette vert orientert om i møte. Rektor viser til at på styremøte vil styret få presentert saka slik den er lagt fram. Arbeidet knytt til vurderingar av organisatoriske og strukturelle endringar vil starte etter dette møte.

Organisasjonsdirektøren viser til at det i etterkant av styremøte vil bli utarbeid ein meir detaljert prosess på arbeidet, for å kunne samle informasjon frå noverande leiargruppe (SLG) og andre grupper. Viser til at det vere ein open prosess. Ein vil komme tilbake med meir informasjon på korleis prosessen vil vere.

Organisasjonsdirektør viser også til at vi i denne prosessen har moglegheit til å kunne sjå på prorektorfunksjonar og vurdere nærregionansvar, samt fakultetsstruktur men at ein no ikkje legger opp til ein realdiskusjon. Dette er ei sak som del av oppstarten av eit arbeid.

Rektor viser til at dette arbeidet som no starar opp er viktig å sjå på i forbindelse med utlysing av nye åremålsperiodar.

UDF viser til ei viktig presisering at dette skal vere ein open prosess i organisasjonen. FF og de andre organisasjonane peika på at ein må nytte seg av kunnskapen organisasjon har fått frå NIFU rapporten og at det vert gode medverknadsprosessar i dette arbeidet. UDF viser samstundes til kulepunkt i saksframlegget der ein viser til funn i NIFU rapporten som peika på ein organisasjon som etterlyser tydelegare strukturar og roller. Men viser til at det her også er viktig å få fram andre moment som campusutvikling i denne debatten.

#### **O-32/20 – Opptak 2020 – status ved studiestart**

Rektor orienterte

NSF stiller spørsmål knytt til overbooking av tal studieplassar på einskilde studie og ressursar knytt til dette i arbeidet vidare. Rektor viser her til at ein planlegg for overbooking saman med fagmiljøa, men når det kjem til ressursar må dette vere ein del av den totale vurderinga for fakulteta. Fakulteta får over ressursfordelingsmodellen budsjett etter tal forventa studentar, i år har det også blitt fordelt ekstra midlar til dei som har fått ekstra studieplassar.

Hovudverneombod viser til overbooking og bruk av tal og prosentar i saka. Prosentar på små tal kan gi store utfall i oversikta. Men viser til at det kan bli utfordringar knytt til rom og veiledning ved overbooking, det er viktig at HVL har tilrettelagt for at alle kan vere med. Rektor viser til at ein student ved HVL skal ha eitt godt studietilbod, men viser til at sjølv om ein overbookar, kan det vere naturleg fråfall på nokre område.

UDF spiller inn kommentar knytt til FLKI sine tal for Sogndal og Stord, viser til at det her er tynt omtala kva ein tenker at årsaka til dette er. UDF viser til at Sogndal og Stord har hatt store endringar i haust, der studentar må velje seg eitt inntaksfag og at ein ønskjer seg ein moglegheit til å kunne vurdere desse endringane.

Rektor viser til at dette er første tilbakemelding til styret, det vil komme fleire vurderingar knytt til dette utover hausten når ein har meir kvalitetssikra tal, men saka viser eitt første bilde.

UDF viser til tabellen i saka som er organisert etter studiekode. Spiller inn ønskje om at denne tabellen hadde vore organisert etter fakultet.

## **O -33/20 – Status for rehabilitering/byggeprosjekt ved HVL**

Rektor orienterte.

FF viser til punkt om nybygg/ombygging i Haugesund der dei er bekymra for ordlyden knytt til utforming av arbeidsplassar som meir tidsmessig og arealeffektiv. Rektor viser til at det ikkje er nokon som ikkje meiner det skal vere gode arbeidsplassar, men ein må finne ut kva som definerast som gode arbeidsplassar og viser til at prosessane i dette arbeidet er viktig.

Organisasjonane viser til at det er viktig med gode medverknadsprosessar med tillitsvalde og at ein nyttar dei erfaringar ein har fått frå K2. FF peikar på at det skal vere forhandlingar med tillitsvalde i byggesaker. Organisasjonsdirektør viser til at ein vil komme tilbake med mandat og prosess for brukarutvalet og styringsgruppa til nybygget i Haugesund, og viser til vedlegg i tilpassingsavtalen som skal sikre gode prosessar om medverknad i byggesaker ved HVL med tillitsvalde, vernetenesta og brukarutval.

Hovudverneombod viser til at det er ønskeleg å synleggjere kven som deltek frå vernetenesta i dei nemnte byggesakene i saka. Rektor viser til at saka gir eitt oversiktsbilde som må brukast som eitt utgangspunkt og HVO blir oppmoda til å ta kontakt med direktør for økonomi og arealforvaltning for nærare informasjon.

## **O -34/20 – Campusutvikling – erfaringar frå Stord og plan framover**

Rektor orienterte.

FF viser til at det i saksframstillinga, digital gjennomføring utelukkande var positiv, men det er også viktig å få fram utfordringane, samt sjå moglegheitene for å dra med seg desse erfaringane vidare i arbeidet. Rektor viser til at det var det heilt klart var utfordringar knytt til digital gjennomføring, og at det ikkje er ønskeleg å ha slik verkstad digital.

Organisasjonane viser til at det er viktig å halde kontakten med industri og verksemder lokalt, og at arbeidet gjort på verkstaden vil bli prioritert vidare, kva mål skal det vere i campusutviklinga på kvar campus og kven setter milepålar for arbeidet vidare?

Rektor viser til at dette er viktig arbeid ein vil ta med vidare i arbeidet med utvikling av campus. Det er tilsett ein ny prosjektleiar for campusutvikling og SLG vil ha eit sterkt eigarskap til denne saka, dette er starten på campusutvikling på Stord og campusutvikling på HVL. Arbeidet vil synleggjere dei trådane vi har satt.

Ein vil vidare utarbeide ein prosjektplan for Stord og for HVL, i denne skal ein ta med seg erfaringar frå prosessen på Stord og tenke forbetringar til dei andre arbeidsverkstadane og campusutviklingsprosjekta.

UDF viser til at det er mange tilsette som er interessert i planane som kjem. Det er viktig at i arbeidet vidare med campusutviklingsplan ved Stord at tilsette vert inkludert.

UDF påpeker i saksdokumenta at det er viktig å få med at tillitsvalde var inkludert i denne prosessen.

## **O-35/20 – Orienteringar frå rektor – styremøte 04/20**

### **1- Årshjul**

Rektor orienterte

### **2- Covid 19**

Rektor orienterte

### **3- Tilbakemeldingar frå KD: Utviklingsavtale og etatsstyring**

Rektor orienterte

## **O-37-20 Campus relevant tema:**

Rektor orienterte

## **24/20 Oppdatert årshjul medbestemming**

Organisasjonsdirektøren viser til oppdatert årshjul for medbestemming. Arbeidsgjevar har lagt inn nye punkt om revisjon av personalreglementet og særavtalar knytt til råd- og utval og verv og funksjonar ved HVL.

Organisasjonsdirektøren viser til oppdaterte planar for gjennomføring av lokale forhandlingar 2.5.1. Planen er tentativ og er avhengig av sentrale føringar.

Datoane for forhandlingar på LO/UNI/YS vert endra til 16. og 17.november etter innspel frå UDF.

NSF viser til viktigheita med å få på plass datoar så fort som mogleg, då det er viktig å planlegge godt.

Organisasjonsdirektør er einige i at det er viktig å planlegge, men det må vere datoar for som passer for alle partar.

Det er semje med å la planen stå slik, deretter å justere datoar etter informasjon frå statleg hald. Det er ønskeleg med fysiske forhandlingar, men arbeidsgjevar er klar over at dette må sjåast ut frå gjeldande råd om smitteverns.

## **25/20 Fastsetting av overordna program opplæringsdag hovudavtalen og tilpassingsavtalen**

Organisasjonsdirektør viser til framlagt overordna program. Det vil vere eit digitalt opplegg grunna smittesituasjon som kan vere eitt krevjande format, men har moglegheit for å legge opp til aktiv deltaking. Har representantar frå FF og ein jurist tilstade heile dagen.

Organisasjonsdirektøren ønskjer 2-3 tillitsvalde med i arbeidsgruppe. Får tilbakemelding på kven disse er onsdag 26.08.

FF viser til at ein burde satse på kortare innleiing og diskusjonar kring problemstillingar knytt til hovudavtalen og tilpassingsavtalen.

Akademikerne viser til at ein må sette ein tidsplan som engasjere gjennom heile dagen, innleiingar, gruppearbeid og pausar.

NSF stiller spørsmål om resursar ein har til rådighet, moglegheit for å ha fasilitatorar som kan hjelpe til med å lage eitt undervisningsopplegg.

Organisasjonsdirektøren viser til at vi har moglegheit til å få hjelp der det trengst. Vi har fasilitatorar i HVL og kan nytte oss av desse, AKS har god kompetanse på digitale konferansar.

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen håndskreven signatur.*